




Tips. Strikk pannebandet med to farger! Her har eg brukt samme mohair i heile arbeidet i fargen tre nøtter. Men gikk tom for peruvian i den fargen. Bytta til ein rosa peruvian frå Filcolana. Sjå kor artig det vart! Fargen er litt for oransj på bildet.



Anna Olava

Hals & Panneband



Størrelse: Dame

Garn: Hals: Ca. 80 g HS Peruvian og ca. 20 g HS Silk Mohair
Panneband: Ca. 30 g HS Peruvian og 10 gr. HS Silk Mohair

Pinner: Ca. 4,5 mm

Strikkefastheit: 17/10

Hals:

Legg opp med 1 tråd peruvian og 1 tråd silk mohair 100 m på pinne 4,5. Dette er opp mot halsen. Så du strikker nedover.

Strikk 3 omg. glattstrikk for å skape ein rullekant.

Strikk mønster etter diagrammet. Strikk diagrammet 5 gonger i breidda og 2,5 gong i høgda.

Bryststykke:

No skal du felle dei første 31 maskane = 3 rapportar med mønster + 1. Dette er bak i nakken.

Fortsett med å strikke mønster på framstykket, slik at halsen vil varme på brystet, samt pynte opp i jakkeåpninga.

No strikker du mønsteret fram og tilbake. Pass på at kast og felling blir på rettsida, så er det lettare å strikke.

På retta feller du dei to første maskane (LLS) og dei to siste maskane (2 rett saman)

På vranga feller du ikkje, men strikker første og siste maske vrang eller rett alt etter kva mønsteret viser. Ikkje løft av 1. maske!

Fortsett å strikke fram og tilbake med fellingar på retta til du har igjen kun 3 masker. Løft 1 m av, strikk 2 rett saman, løft den første over.

Drag gjennom garnet og fest trådane.

Panneband:


Legg opp 21 m. Strikk fram og tilbake etter diagrammet til pannebandet er ca. 62 cm eller det passer rundt hovudet ditt. Du trenger ikkje stoppe på slutten av ein rapport. Mønsteret forsvinner inni twisten. Sy det twista saman. (Søk på Youtube «sy sammen pannebånd med twist»)

Damp lett over arbeida for å få mønsteret til å blomstre.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk / #annaolavahals / #annaolavapanneband om du vil. Lykke til♥

Elisabeth

Diagram Hals:



- = Rett på retta, vrang på vranga
- ↘ = LLS Løft, løft, strikk
- ↗ = 2 rett saman
- = Kast
- = Løft 1 m vrangt av med garnet framfor arbeidet
- = Vrang på retta, rett på vranga
- △ = Løft 1 m av, strikk 2 rett saman, løft den første over

Diagram Panneband:

